

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 6. juni 2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), signert 22.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), signert 17.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), signert 16.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), signert 21.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- ANDRÉ HAUKÅS (..), signert 17.06.2025 med Signicat Sign BUYPASS
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), signert 17.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), signert 16.06.2025 med Signicat Sign BANKID
- Borg, Trond (24.08.1974), signert 18.06.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

ID 381.25
AMH/thm

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni 2025 kl. 09.30 – 14.00, Bekkjarkvik Gjestgiveri, Austevoll

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekheim	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Vegard Bjørnevik	Kvinnherad kommune
Øyvind Kyvik	Stord kommune (vara for Sigbjørn Framnes)
Andre Mundal Haukås	Sveio kommune
Trond Borg	Tysnes kommune (vara for Synnøve Bakke)

Kommunedirektørar/rådmann:

Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Steinar Dalland	Fitjar kommune
Leif Ove Mikkelsen	Kvinnherad kommune
Aud Gunn Løkingholm	Tysnes kommune

Andre:

Renate Møgster Klepsvik, varaordf.	Austevoll kommune - deltok på orienteringar
------------------------------------	---

Frå administrasjonen:

Anne Almås Tranøy	Region Sunnhordland, sekretariat
-------------------	----------------------------------

Orienteringar:

Christian Strand Halstensen v/Halstensen Bekkjarkvik orienterte om fiskeriflåten og beredskap.

Martha Helene Nogva, etableringsansvarleg i Fontenehuset Norge og styreleiar Geir Angeltveit i Fontenehuset Sunnhordland orienterte om drift og status for etablering av Fontenehus Sunnhordland. Presentasjon, lenke til film og invitasjon til informasjonsmøte på Stord bibliotek 18. juni kl. 18.00 sendes kommunane i etterkant av møte.

Håvard Lægreid, regionsleiar v/NAV Sunnhordland orienterte om status i omorganiseringa til NAV.

Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør i Bømlo orienterte frå kommunedirektørutvalet. Drøftingar i samband med eksisterande og moglege nye interkommunale samarbeid vert halde i kommunedirektørutvalet, som løftar opp saker politisk ved behov.

Regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes | **A** Postboks 444, 5403 Stord
| **T** 41 21 70 24 | **Org.nr.** 971 492 910 | **E** post@regionsunnhordland.no | **W** regionsunnhordland.no

- 1 -

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge

Saker:

Sak 53/25	Godkjenning av sakslista
Sak 54/25	Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033
Sak 55/25	Høyring: Endring i budsjett- og regnskapsforskriften og i selvkostforskriften (avskrivningstider, kalkylerente og framføringsperiode)
Sak 56/25	Tiltakspotten: Kr. 196 375,- til Visit Sunnhordland sin søknad «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»
Sak 57/25	Mandat ved bruk av Tiltakspotten
Sak 58/25	Drøftingssak: RTP
Sak 59/25	Skriv og meldingar
	a. Revidert møteplan 2025
Sak 60/25	Ymse
	a) Kriesesenter Vest
	b) Køyrefeltsignal Bømlafjordtunnelen
	c) Arendalsuka 2025

Sunnhordland, 10. juni 2025

Andre Mundal Haukås
Leiar

Anne Almås Tranøy
sekretariat

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. juni 2025 kl. 09.30 – 14.00, Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll

Sak 53/25 Godkjenning av sakslista

Samrøystes vedteke.

Sak 54/25 Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033

Høyringsfrist 30. juni 2025

Framlegg til uttale:

Vestland sin gjeldande vassforvaltningsplan skal oppdaterast for planperioden 2028-2033, kor forslag til planprogram og hovudutfordringane for vassmiljøet i Vestland no er på høyring. Formålet til vassforvaltningsplanen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Sunnhordlandsrådet som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, har fylgjande innspel til vassforvaltningsplanen:

- Sunnhordland er nøgd med korleis vassområdeutvala er organisert i dag. Me opplever at deltaking både politisk og administrativt sikrar kunnskapsveksling som styrkar administrativ og politisk forankring for fagområdet i kommunen/kommunane.
- Sunnhordland er positive til å slå saman Sunnhordland vassområde med Hardangerfjord vassområde. Me trur at eit vassområde for same fjordsystem kan bidra til ein meir heilskapleg forvaltning av Hardangerfjorden.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtek uttalen slik den ligg føre.

Sak 55/25 Høyring: Endring i budsjett- og regnskapsforskriften og i selvkostforskriften (avskrivingstider, kalkylerente og framføringsperiode)

Høyringsfrist 3. september 2025.

Saka vart ettersendt for handsaming i møte.

Framlegg til uttale:

Sunnhordland er ein langstrakt og stor øyregion, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Her bur 65 000 innbyggjarar.

Føremålet med forslag til endringar i rekneskapsforskriften for kommunar og fylkeskommunar, er å få betre samsvar mellom faktisk økonomisk levetid og avskrivingstid. I tillegg er det lagt fram eit forslag om å endre kalkylerenta i

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge

sjølvkostsamanheng til ei rente som er meir i samsvar med renta som kommunane faktisk betalar i dag.

Føremålet med auka avskrivningstid er ei betre generasjonsfordeling av langvarige investeringar i infrastruktur som reduserer årlege gebyr og fordeler desse over fleire år.

Føremålet med betre samsvar mellom kalkylerente og kommunane si faktiske betaling av renter er å redusere kommunane sin renterisiko.

Sunnhordlandsrådet gjer på vegne av regionen følgjande innspel:

Avskrivningstid

Forslaget om å endre avskrivningstid for enkelte anleggsmidlar er positivt og bidreg til at kommunane i større grad avskrive anlegg over den faktisk økonomiske levetida. Sunnhordlandskommunane trur dette også vil fremje betre kvalitet i investeringar som har ei lang levetid.

Når det gjeld punktet om at endringane har tilbakeverkande kraft, er dette bra. Her bør ein likevel gje kommunane høve til å bruke nokre år på å gjennomføre vurderinga. Det er ofte lite kapasitet i funksjonar som jobbar med dette ute i kommunane og tidsfristen bør difor vere romsleg.

Lånegarantiar

Det er viktig at kommunar som organiserer tenester som vatn og avløp i eigne aksjeselskap, også får høve til å utvide garantiar gitt til bankar som finansierer investeringar med avskrivningstid opp mot 80 år. Dette vil skape likebehandling uavhengig av korleis tenesteproduksjonen er organisert.

Kalkylerente

Notatet gir eit grundig bilete av kva effekten av dagens ordning er for kommunane sin renterisiko er. Det er også klokt at ein har konkludert med eit forslag om ein fast kredittmargin som også er i samsvar med marginar som Kommunalbanken opererer med. Dette vil gjere at kommunane ikkje lengre kan risikere å betale meir i renter til bankane enn det som er mogeleg å belaste på gebyra til innbyggjarane.

Det står i høyringsnotatet: *«Siden dagens kalkylerente (primo mai 2025) ligger på et noe lavere nivå enn den foreslåtte nye kalkylerenten, vil en endring i dag isolert sett bety en viss økning selvkost og gebyrnivået. Departementet foreslår derfor å avvente og eventuelt utsette innføringen av ny kalkylerente, og vil komme tilbake til tidspunktet for dette etter at det er gjort nærmere vurderinger i lys av renteutviklingen.»*

Det bra om det blir eit betre samsvar mellom kalkylerenta og den faktiske renta kommunane kan finansiere investeringane sine til. Kommunane i Sunnhordland meiner at det hastar med å få vekk renterisikoen frå kommunane og ber Departementet vurdere å ta med endringa no.

Sunnhordlandsrådet vonar Kommunal- og distriktsdepartementet tar regionrådet sine innspel til grundig vurdering i den vidare handsaminga av saka.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtek uttalen slik den ligg føre.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge

Sak 56/25 Tiltakspotten: Kr. 196 375,- til Visit Sunnhordland sin søknad «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar at inntil kr. 196 375,- frå tiltakspotten kan nyttast til prosjektet «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025»

På møte:

Leiar opplyste om at det ligg positiv innstilling på søknad om midlar sendt fylkeskommunen. Det er søkt om kr. 567 375,- som vert handsama i møte i hovudutval for næring 11. juni d.å.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtar at inntil kr. 196 375,- frå tiltakspotten kan nyttast til prosjektet «Regenerativt reiseliv Sunnhordland 2025».

Sak 57/25 Mandat ved bruk av Tiltakspotten

Framlegg til vedtak:

1. Godkjenning av bruk av Tiltakspotten skal frå og med 7. juni 2025 handsamast av Region Sunnhordland IKS sitt representantskap.
2. Dagleg leiar i Region Sunnhordland IKS har saman med styreleiar mandat til godkjenne bruk av Tiltakspotten på inntil kr. 100.000,-. Alt over kr. 100.000,- skal sakshandsamast og godkjennast av representantskapet.

På møte:

Fleire tok til ordet for å støtta avgjerda, men at ein fann det uklårt om dette var ein årleg sum. Sunnhordlandsrådet gjorde følgjande vedtak med dei endringane som kom i møte.

Samrøystes vedteke:

1. Godkjenning av bruk av Tiltakspotten skal frå og med 7. juni 2025 handsamast av Region Sunnhordland IKS sitt representantskap.
2. Dagleg leiar i Region Sunnhordland IKS har saman med styreleiar mandat til godkjenne bruk av Tiltakspotten på inntil kr. 100.000,- årleg til administrative formål. Alt over kr. 100.000,- skal sakshandsamast og godkjennast av representantskapet.

Sak 58/25 Drøftingssak: RTP

Arbeidsutvalet la fram ei drøftingssak på Regional transportplan.

Korleis kan Sunnhordlandsrådet jobbe strategisk med RTP frametter, for å få gjennomslag for regionen sine saker.

På møte:

Det kom forslag om å ta Regional transportplan for Vestland opp att som sak i Sunnhordlandsrådet sitt møte 17. oktober d.å. for neste års rullering.



Det kom ynskje om å invitere inn alle fylkespolitikarane frå Sunnhordland til møtet 17. oktober.

For å få fram næringslivet sitt syn i arbeidet med RTP, vart det spelt inn at næringslivet/- foreiningane i Sunnhordland må koplust på.

Sunnhordlandsrådet bed sekretariatet om å sette opp eit årshjul til møtet i september med oversikt over viktige politiske avgjerder både på fylket og Stortinget, slik at ein kan vera i forkant av desse prosessane og yta reel påverknad frå regionen (til dømes RTP, NTP, budsjett, revidert osv.)

Samrøystes vedteke:

1. Sunnhordlandsrådet tek Regional transportplan opp som sak att 17. oktober 2025.
2. Fylkespolitikarar frå Sunnhordland vert invitert til møtet.
3. Sunnhordlandsrådet bed administrasjonen utarbeide eit årshjul, og leggje dette fram i neste møte.

Sak 59/25 Skriv og meldingar

a) Revidert møteplan 2025

Sunnhordlandsrådet tek revidert møteplan til orientering.
Møte i desember vert over to dagar.

MØTEPLAN 2025

Møter	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Nyttårsmøte Vlfk	10										
Møte med Hordalandsbenken + departementa	14-15										
Arbeidsutvalsmøte	31*		21*		15*		22*		3*	21*	
Sunnhordlandsrådet		14		4		6		19	17		4-5
Regionalt formannskapsmøte			14								
Felles AU med Haugalandrådet											
Felles rådsmøte med Haugalandrådet								19			
Felles AU med Hardangerrrådet			21*								
Felles rådsmøte med Hardangerrrådet				4							
Studietur											
Arendalsuka							11-14				
Staten møter kommunane										tbn	
KS Vestland			tbn							tbn	
Møte med regionråda i Vestland fylke (rådsleiar og dagleg leiar)	9										

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:

- 14. februar: Tysnes
- 4. april: Kvinnherad
- 6. juni: Austevoll
- 19. september: Karmøy
- 17. oktober: Stord
- 4-5. desember: Sveio

*Teamsmøte

Sak 60/25 Ymse

- a) Krisesenter Vest
Leiar i Sunnhordlandsrådet orienterte om prosessen kring Krisesenter Vest IKS. Ein har prøvd å få møte med Kommunal- og distriktsdepartementet då dei skulle til Haugalandet. Dette lykkast ikkje,

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge

så ein vil senda eit skriftleg spørsmål knytt til finansiering av krisesenterbygg, samt at ein vil avtale møter med sitjande komitè på Stortinget, og fylgje det opp etter valet med nyvald Storting.

b) Kørefeltsignal Bømlafjordtunnelen

Rennfast-tunnelane har fått på plass finansiering til kørefeltsignal ref. pressemelding [Nå blir det kjørefeltsignal og forhåpentlig mindre kø i Rennfast-tunnelene | Statens vegvesen](#)

Det er blitt førespurt om dette også kan la seg gjennomføre i Bømlafjordtunnelen. Statens Vegvesen manglar finansieringa og bed kommunane presse på politisk for å få midlar til gjennomføring også i Bømlafjordtunnelen. Sunnhordlandsrådet ynskjer bidra til at ein kan få ei slik ordning også i Bømlafjordtunnelen, og leiar føl dette opp vidare mot Statens Vegvesen.

c) Arendalsuka 2025

Det vart orientert om at programmet for Arendalsuka vert gjennomgått av Tora i høve viktige saker for regionen. Oversikt sendes ut når denne er klar. Det kom ønske om ei felles samling med Haugalandrådet, og ein bed administrasjonen gå saman med sekretariatet til Haugalandrådet for å få dette organisert.

Program og reisedatoar diskuterast nærmare i rådet.

d) Fontenehus Sunnhordland

Fontenehus – arbeidsfellesskap for mennesker som slit psykisk.

Det kom førespurnad frå Stord om kommunane kan greie ut sak om det er behov for å inngå samarbeid med Fontenehus Sunnhordland.

Kommunane ynskjer at Fontenehus Sunnhordland sender førespurnad direkte til kommunane. Leiar formidlar dette til Fontenehus Shl.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 22.06.2025
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 17.06.2025
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 16.06.2025
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 21.06.2025
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 17.06.2025
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 17.06.2025
- Ekheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 16.06.2025
- Borg, Trond (24.08.1974), 18.06.2025

Forseglet av



Posten Norge